

Notat 2001–17

Økonomien i jordbruket i Rogaland og Agder-fylka

Trender og økonomisk utvikling 1995–1999

Tabellsamling 1995–1999



Tittel	Økonomien i jordbruket i Rogaland og Agder-fylka. Trender og økonomisk utvikling 1995–1999. Tabellsamling 1995–1999
Utgiver	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
Utgiversted	Oslo
Utgivelsesår	2001
Antall sider	69
ISBN	82-7077-421-9
ISSN	0805-9691

Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettnemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskingene i jord- og skogbruk.
- Gir ut rapporter fra forskning og utredning. Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres over Landbruksdepartementets budsjett, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgransking der det inngår om lag 1 000 bruk frå heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande og mange data på distriktsnivå er ikkje mogleg å få med i den landsdekkjande publikasjonen.

Tidlegare år er det utgjeve regionale publikasjonar for Nord-Noreg, Trøndelag og Vestlandet (Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal), men dette er første gong eit tilsvarande notat vert publisert med data for økonomien i jordbruket i Rogaland og Agder-fylka. Eitt av måla med å gje ut dette notatet, er å gjere tal for kvart fylke og for dei to områda «Jæren» og «Andre bygder» tilgjengelege.

Tabellsamlinga med tal for fylke og område for 1995–1999 utgjer hovuddelen av notatet, men det er også med ein kort tekst- og grafikkdel der ein omtaler trendar og hovudtrekk i utviklinga i denne perioden, og ei kort omtale av utviklinga i 1999. Tala som er nytta i tabellane, er nominelle kroner for kvart år, medan tala som er nytta som bakgrunn for tekst og grafikk, er deflaterte etter konsumprisindeksen.

Det vert kvart år skifta ut ein del bruk i driftsgranskingane, men kontinuiteten er god, og trendane gjev god oversikt over den økonomiske utviklinga over tid. Likevel kan utskifting av bruk og gardsoverdraging til yngre generasjonar gje utslag i enkeltår.

Ein stor takk til Odd Mæland, tidlegare kontorsjef ved NILF sitt distriktskontor i Kristiansand, som har gått gjennom alle figurane og kome med nyttig informasjon om utviklinga i jordbruket i dei tre fylka. Saman med Rolf Rye har han hatt ansvaret for kapittel 2. Jon Sværen har handsama datagrunnlaget og har saman med Heidi Knutsen, hatt ansvaret for å utforme figurane.

Oslo, juni 2001

Leif Forsell

Innhald

1 INNLEIING	1
2 TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING FOR ÅRA 1995–1999	3
2.1 Resultatmål i jordbruket	3
2.1.1 Driftsoverskot	3
2.2 Arbeidsfortenesta til familien og vederlag til alt arbeid og eigenkapital	4
2.3 Lønsevne pr. time	6
2.4 Totaløkonomien for bruka i Rogaland og Agder	7
2.4.1 Nettoinntekt	7
2.4.2 Soliditet – eigenkapitalprosent	8
2.4.3 Nettoinvestering	9
2.4.4 Gjeld	10
2.5 Mjølkeproduksjonsbruka	10
3 UTVIKLINGSTREKK 1999	13
4 TABELLSAMLING 1995–1999	17
5 FORKLARING PÅ FAGUTTRYKKA I TABELLSAMLINGA	67

Figurar

Figur 2.1 Driftsoverskot i gjennomsnitt pr. bruk, 1999-kroner	4
Figur 2.2 Driftsoverskot i gjennomsnitt pr. bruk for dei ulike fylka, 1999-kroner	4
Figur 2.3 Rogaland, ulike resultatmål, 1999-kroner	5
Figur 2.4 Vest-Agder, ulike resultatmål, 1999-kroner	5
Figur 2.5 Aust-Agder, ulike resultatmål, 1999-kroner	5
Figur 2.6 Jæren, ulike resultatmål, 1999-kroner	6
Figur 2.7 Andre bygder, ulike resultatmål, 1999-kroner	6
Figur 2.8 Lønsevne pr. time, gjennomsnitt for fylka, 1999-kroner	7
Figur 2.9 Lønsevne pr. time, gjennomsnitt for ulike område 1999-kroner	7
Figur 2.10 Nettoinntekt for heile brukarfamilien, gjennomsnitt for fylka, 1999-kroner	8
Figur 2.11 Nettoinntekt for heile brukarfamilien, gjennomsnitt for ulike område, 1999-kroner	8
Figur 2.12 Eigenkapitalprosent, gjennomsnitt for fylka	9
Figur 2.13 Eigenkapitalprosent, ulike område	9
Figur 2.14 Nettoinvesteringar pr. bruk, gjennomsnitt for fylka, 1999-kroner	10
Figur 2.15 Nettoinvesteringar pr. bruk, gjennomsnitt for ulike område, 1999-kroner	10
Figur 2.16 Jæren, driftsoverskot frå jordbruket og nettoinntekt for brukarfamilien, 1999-kroner, mjølkeproduksjonsbruk	11
Figur 2.17 Andre bygder, driftsoverskot frå jordbruket og nettoinntekt for brukarfamilien, 1999-kroner, mjølkeproduksjonsbruk	11
Figur 2.18 Lønsevne pr. time, 1999-kroner, mjølkeproduksjonsbruk	11
Figur 2.19 Jæren – ulike resultatmål for driftsforma mjølk-storfekjøl, 1999-kroner	12

Figur 2.20 Andre bygder – ulike resultatmål for driftsforma mjølk-storfekjøl, 1999-kroner	12
---	----

Tabellar

Tabell 3.1 Samla oversikt 1999	14
Tabell 3.2 Resultatmål i jordbruket 1995–1999, «Jæren»	15
Tabell 3.3 Resultatmål i jordbruket 1995–1999, Rogaland og Agder, «Andre bygder»	15

Tabellsamling

Tabell 1	Fylkestal, Rogaland.....	18
Tabell 2	Fylkestal, Vest Agder.....	21
Tabell 3	Fylkestal, Aust Agder	24
Tabell 4	Områdetal, Jæren, alle bruk	27
Tabell 5	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 2, alle driftsformer.....	30
Tabell 6	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 3, alle driftsformer.....	33
Tabell 7	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 4, alle driftsformer.....	36
Tabell 8	Områdetal, Jæren, mjølk- og storfekjølproduksjon	39
Tabell 9	Områdetal, Jæren, mjølkeproduksjon og svinhald.....	42
Tabell 10	Områdetal, Andre bygder, alle bruk.....	45
Tabell 11	Områdetal, Andre bygder, storleiksgruppe 2, alle driftsformer.....	48
Tabell 12	Områdetal, Andre bygder, storleiksgruppe 3, alle driftsformer.....	51
Tabell 13	Områdetal, Andre bygder, storleiksgruppe 4, alle driftsformer.....	54
Tabell 14	Områdetal, Andre bygder, mjølk- og storfekjølproduksjon.....	57
Tabell 15	Områdetal, Andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehald.....	60
Tabell 16	Områdetal, Andre bygder, mjølkeproduksjon og svinhald	63

1 Innleiing

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgranskning der det inngår om lag 1 000 bruk over heile landet. Frå fylka Rogaland, Vest-Agder og Aust-Agder er det kvart år med mellom 125 og 130 bruk i denne granskinga, om lag 30 frå kvart av Agder-fylka og resten frå Rogaland.

Frå fleire hald har det vore eit ønskje om fleire og meir detaljerte opplysningar om jordbruket enn det ein kan finne i den årlege publikasjonen frå driftsgranskningane. NILF sine distriktskontor har derfor samla tal frå sine distrikt i egne notat. Dette notatet er i første rekke ei tabellsamling med tal frå Agder-fylka og Rogaland for åra 1995–1999. Etter planen vil tabellsamlinga oppdaterast og publiserast årleg saman med aktuelt tilleggsstoff.

I kapittel 2 vert det presentert ein del figurar som viser utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien for brukarfamilien. Resultatmåla vert både presenterte fylkesvis og inndelt etter regionar; «Jæren» og «Andre bygder». I dei tre fylka utgjer mjølkeproduksjonsbruka den største gruppa, om lag halvparten av bruka driv mjølkeproduksjon og mjølkeproduksjon i kombinasjon med storfekjøtt. Det er derfor også med figurar som illustrerer utviklinga for denne produksjonen. I kapittel 2 er alle bakgrunnsdata deflaterte etter konsumprisindeksen.

Kapittel 3 inneheld resultatata frå rekneskapsåret 1999. Tala er samanlikna med 1998, og dei viktigaste årsakene til endringane for dei ulike resultatmåla er omtalte.

Tabellsamlinga er presentert i kapittel 4. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for kvart fylke, for dei to regionane, Jæren og «Andre bygder», storleiksgrupper og ulike produksjonar. I dette kapittelet er alle tala i nominelle kroner (ikkje inflasjonsjusterte).

Heilt sist i notatet, i kapittel 5, finn ein definisjonar og forklaringar på dei faguttrykka som er nytta i notatet.

2 Trendar og økonomisk utvikling for åra 1995–1999

Dette kapitlet syner ein del trendar og utviklingstrekk i jordbruket for dei tre fylka; Rogaland, Vest-Agder og Aust-Agder frå 1995 til og med 1999. Rekneskapsmaterialet er delt inn for kvart fylke og for to område; «Jæren» og «Andre bygder». «Andre bygder» omfattar Rogaland utanom Jæren, og dei to Agder-fylka. Det er nytta figurar for å visa utviklinga i dette kapitlet, medan talmaterialet for perioden er vist i tabellar i kapittel 4.


Alle resultatmåla i kapittel dette kapitlet er rekna om til 1999-kr etter konsumprisindeksen.

2.1 Resultatmål i jordbruket

Figurane i dette avsnittet viser utviklinga for følgjande resultatmål i jordbruket; driftsoverskot pr. bruk, arbeidsfortenesta til familien pr. bruk og pr. årsverk, vederlag til arbeid og eigenkapital pr. årsverk og lønsevne pr. time.


2.1.1 Driftsoverskot

For begge områda er det nedgang i driftsoverskot etter 1996 (figur 2.1). «Jæren» som har det høgaste driftsoverskotet, har størst variasjon i kroner, men minst i prosent. Driftsoverskotet har gått ned med om lag kr. 54 000 eller 13,7 % for «Jæren», medan nedgangen har vore om lag kr 33 000 eller 18,4 % for «Andre bygder». Skilnaden i driftsoverskot mellom dei to områda er nokså jamn frå år til år, og ligg frå kr 75 000 til 100 000. Den viktigaste årsaka til skilnaden er ulikt avlingsnivå. Avlingane er i middel 140 FEm høgare pr. dekar for «Jæren» enn for «Andre bygder», samstundes som bruka på Jæren er om lag 70 dekar større. Dette gir mykje lågare fôrkostnader, større volum og høgare driftsoverskot.



Figur 2.1 Driftsoverskot i gjennomsnitt pr. bruk, 1999-kroner

Det er om lag same utvikling i driftsoverskot mellom dei ulike fylka gjennom perioden (figur 2.2). Rogaland ligg høgare enn dei to andre fylka. Dette skuldast hovudsakleg at det er større bruk og større produksjonsomfang i Rogaland. Den store skilnaden mellom dei to Agder-fylka i 1998 er tilfeldig og skuldast truleg ulikt avlingsnivå det året. Trenden for alle fylka i perioden er fallande driftsoverskot fram til 1999.




Figur 2.2 Driftsoverskot i gjennomsnitt pr. bruk for dei ulike fylka, 1999-kroner


2.2 Arbeidsfortenesta til familien og vederlag til alt arbeid og egenkapital

Arbeidsfortenesta til familien viser same utvikling som driftsoverskotet frå 1995 til 1997. Frå 1997 til 1999 syner arbeidsfortenesta til familien eit noko lågare nivå. Dette skuldast hovudsakleg aukande rente på innsett kapital. Frå 1995-97 var renta som vert nytta ved utrekning av arbeidsfortenesta til familien 6 %, medan ho var 6,5 % i 1998 og 7 % i 1999. For 1999 er arbeidsfortenesta til familien i middel omlag kr 60 000 for bruk i Agder, og omlag kr 150 000 for Rogaland. Det er ulik storleik og arbeidsinnsats bak dette, men tala syner klårt kor mykje som er att til arbeidet når det er rekna ei gjen-


nomsnittlig rente for den innsette kapitalen. Arbeidsfortenesta pr. årsverk viser litt




Figur 2.3 Rogaland, ulike resultatmål, 1999-kroner




Figur 2.4 Vest-Agder, ulike resultatmål, 1999-kroner



Figur 2.5 Aust-Agder, ulike resultatmål, 1999-kroner



Figur 2.6 Jæren, ulike resultatmål, 1999-kroner




Figur 2.7 Andre bygder, ulike resultatmål, 1999-kroner

lågare nedgang enn samla arbeidsforteneste det siste året, særleg for Rogaland og Jæren. Dette kan skuldast at arbeidsinnsatsen er noko redusert.


Det er etter måten godt samsvar mellom utvikling av arbeidsfortenesta og vederlag til arbeid og eigenkapital rekna pr. årsverk. Vederlag til arbeid og eigenkapital syner likevel ei noko jamnare utvikling både for fylka og for områda. Figurane 2.3 til 2.7 syner utviklinga for dei to resultatmåla for dei einskilde fylka og for dei to områda.

2.3 Lønsevne pr. time

Lønsevne pr. time har i middel endra seg lite for dei enkelte fylka (figur 2.8). Nivået mellom dei er mykje likt i heile perioden, med unntak for Vest-Agder i 1998. Rogaland har den høgaste lønsevna pr. time, og dette skuldast at bruka på Jæren har større omfang, areal, avlingar. «Jæren» ligg og høgare enn gjennomsnittet for heile landet for alle dei fem åra (figur 2.9). Ser ein på tala for 1999, viser dei ein nedgang både for fylke og område.



Figur 2.8 Lønsevne pr. time, gjennomsnitt for fylka, 1999-kroner




Figur 2.9 Lønsevne pr. time, gjennomsnitt for ulike område 1999-kroner

2.4 Totaløkonomien for bruka i Rogaland og Agder


2.4.1 Nettoinntekt

Nettoinntekt er eit resultatmål som viser den samla inntekta til brukarfamilien. Figur 2.10 viser variasjon i nettoinntekta i perioden. Gjennomsnittet for alle bruka i Rogaland har variert frå kr 365 000 til kr 421 000, medan nivået for Agder-fylka har vore noko lågare og meir stabilt. For alle dei tre fylka er nettoinntekta i 1999 på om lag same nivå som i 1995.

I 1995 utgjorde driftsoverskotet frå jordbruket om lag 70 % av nettoinntekta for bruka i Rogaland og 50 % for bruka i dei to Agder-fylka, medan tala for 1999 var 60 % for Rogaland og 40 % for Agder. Driftsoverskotet frå jordbruket utgjør såleis 10 % mindre av nettoinntekta i 1999 enn i 1995 for alle dei tre fylka. Nettoinntekta er dermed halden oppe ved auka inntekt utanom bruket, i fyrste rekkje lønsinntekt. Jordbruket tel mindre, og evna til å konkurrere om arbeidskraft er svekka. Figur 2.11 syner nivå og variasjon for nettoinntekta for heile landet og for dei to områda.



Figur 2.10 Nettoinntekt for heile brukarfamilien, gjennomsnitt for fylka, 1999-kroner




Figur 2.11 Nettoinntekt for heile brukarfamilien, gjennomsnitt for ulike område, 1999-kroner

2.4.2 Soliditet – eigenkapitalprosent


Soliditet er eit uttrykk for evna til å tåle tap. Ein kan bruke fleire nøkkeltal for å vise dette, eitt av dei er eigenkapitalprosenten. Det er tilrådd at denne storleiken er over 50, men han kan og være lågare utan at det er fare på ferde. Høg eigenkapitalprosent gjev høve til å ta opp lån på gode vilkår dersom det skulle bli naudsynt.

Inntening og renta på lånt kapital har mykje å seie for kor høg eigenkapitalprosenten treng vere. Låg inntening og eigenkapital samstundes med høg rente på lånt kapital, er ein særleg dårleg kombinasjon.

Figurane 2.12 og 2.13 syner utviklinga til eigenkapitalprosenten. I tala er alle eige-delar til brukarfamilien med, også private egedelar (våningshus, privatbil, med meir). Det er ein klår nedgang frå 1995 til 1999, særleg for Jæren. Årsakene til redusert eigenkapitalprosent kan vere fleire. Store bruk, bruk der det har vore investert mykje og bruk der ein nyleg har vore gjennom generasjonsskifte, har ofte høg gjeld og derfor låg eigenkapitalprosent. Også utskifting av bruk i driftsgranskingane gir ofte yngre brukarar med høgare gjeld og større bruk, og kan vere medverkande årsak til redusert eigenkapitalprosent.




Figur 2.12 Eigenkapitalprosent, gjennomsnitt for fylka




Figur 2.13 Eigenkapitalprosent, ulike område

2.4.3 Nettoinvestering

Nettoinvesteringane for dei ulike fylka har variert ein del i perioden. For bruka i Vest-Agder har nettoinvesteringa vore positiv i heile perioden. Fleire bruk har kosta på driftsbygningen med omsyn til større kjøtproduksjon. Andre har skifta til større traktorar, mellom anna for å drive med meir leigekjøring. Aust-Agder har og hatt positiv nettoinvestering fram til 1998, men på eit lågare nivå. For Rogaland har nettoinvesteringa vore låg i heile perioden, og negativ for åra 1995-96. Det har såleis vore investert lite i driftsapparatet i Rogaland. At nettoinvesteringa er negativ tyder på at ein slit på produksjonsapparatet. Dette treng ikkje vera uheldig dersom ein har eit godt driftsapparat. Der det motsette er tilfelle, kan det gå mot store nyinvesteringar eller nedlegging dersom nettoinvesteringa vert negativ eller særst låg framover. Figurane 2.14 og 2.15 syner utvikling for nettoinvesteringa for dei ulike områda og fylka.



Figur 2.14 Nettoinvesteringar pr. bruk, gjennomsnitt for fylka, 1999-kroner




Figur 2.15 Nettoinvesteringar pr. bruk, gjennomsnitt for ulike område, 1999-kroner

2.4.4 Gjeld


Samla gjeld for bruka i dei ulike fylka varierer noko. Rogaland ligg høgast med omlag kr 850 000 i gjeld i middel pr. bruk. Dette skuldast i første rekkje at bruka i Rogaland er større og har ein større produksjon enn bruka i dei to andre fylka. Tala for Vest-Agder er ca kr 780 000 og for Aust-Agder kr 730 000. Middel for heile landet er kr 736 000. Det er store skilnader både mellom ulike storleiksgrupper og ulike driftsformer. Dei største bruka har som venta også størst gjeld. Ser ein på ulike driftsformer, har bruk med kapitalkrevjande produksjonar som mjølk og svinehald, høgare gjeld enn mindre kapitalkrevjande driftsformer som til dømes sauehald. Tabellane i kapittel 4 syner utviklinga for både kortsiktig og langsiktig gjeld i perioden.

2.5 Mjølkeproduksjonsbruka


Om lag halvparten av driftsgranskingsbruka frå dei tre fylka, Rogaland, Vest-Agder og Aust-Agder driv mjølkeproduksjon/mjølkeproduksjon i kombinasjon med produksjon av storfekjøt. Figurane under viser utviklinga for desse bruka for åra 1995–1999. Rundt 1/5 av bruka ligg på Jæren, resten av bruka tilhører «Andre bygder».




Figur 2.16 Jæren, mjølkeproduksjonsbruk, driftsoverskot frå jordbruket og nettoinntekt for brukarfamilien, 1999-kroner




Figur 2.17 Andre bygder, mjølkeproduksjonsbruk, driftsoverskot jordbruket og nettoinntekt for brukarfamilien, 1999-kroner



Figur 2.18 Lønsvevne pr. time, mjølkeproduksjonsbruk, 1999-kroner



Figur 2.19 Jæren, mjølkeproduksjonsbruk – ulike resultatmål, , 1999-kroner



Figur 2.20 Andre bygder, mjølkeproduksjonsbruk – ulike resultatmål, 1999-kroner

3 Utviklingstrekk 1999

Hovudtendensar for 1999:

- **Sterk nedgang i driftsresultatet**
- **Best resultat for bruka på Jæren**
- **Størst nedgang i resultatet for bygdene utanom Jæren**

I alt omfattar granskinga for 1999 69 bruk frå Rogaland og 58 bruk frå Agder. Jordbruksarealet var i middel 173 dekar, fire dekar meir enn i 1998. Arbeidsinnsatsen til familien var i middel 2 346 timar, ein nedgang på 46 timar frå 1998. Dette utgjer 1,3 årsverk á 1 875 timar. Leigd arbeid utgjer 743 timar i middel pr. bruk. Jordbrukskapitalen var i middel for året kr 1 224 800 pr. bruk.

I jordbruksforhandlingane er *vederlag til alt arbeid og eigenkapital pr. årsverk* det sentrale resultatmålet. Resultatet for 1999 viser kr 137 200 mot kr 153 800 i 1998. Nedgangen er på 10,8 %. Ein kjem fram til dette resultatmålet ved å leggje leigd arbeid til driftsoverskotet og trekkje frå jordbrukets del av faktisk betalte gjeldsrenter samt kår, og fordelt pr. årsverk.

Driftsoverskotet pr. bruk var i middel for Rogaland og Agder kr 181 700 mot kr 208 900 i 1998. Dette er ein nedgang på 13 %. Driftsoverskotet skal gje vederlag til familien sitt arbeid i drifta samt ei rimeleg rente for kapitalinnsatsen.

Resultatet varierer mellom *ulike regionar*. «Jæren» (45 bruk) har driftsoverskot på kr 249 600 i middel pr. bruk i 1999, ein nedgang på kr 34 300 frå 1998, medan «Andre bygder» i Rogaland og Agder (82 bruk) hadde ein nedgang frå kr 169 600 til kr 144 400. Ser vi på vederlag til arbeid og eigenkapital pr. årsverk, viser bruka på Jæren ein nedgang på 9,3 % til kr 159 900. Vederlaget for «Andre bygder» viser ein nedgang på 12,1 % til kr 124 800. Nedgangen skuldast i hovudsak dårlege prisar på viktige produkt grunna overproduksjon.

Av dei ulike driftsformene, viser *mjølkeproduksjon kombinert med svin* best resultat på Jæren, medan *mjølkeproduksjon kombinert med sau* viser best resultat for «Andre bygder» i Agder og Rogaland. Prisen på sauekjøt auka med om lag 3 kr pr. kg frå 1998, medan prisen på storfekjøt gjekk ned like mykje. Prisen på svinekjøt gjekk ned med om lag kr 1,50 pr. kg frå 1998.

Vederlag til arbeid og eigenkapital aukar med storleiken på bruka. I begge regionane viser *dei største bruka* best resultat.

Nettoinvesteringar er sum investeringar i jordbruket med frådrag av kapitalslit (avskrivningar), fråsal og eventuelle investeringstilskot. Nettoinvesteringa var i middel for dei 45 bruka på Jæren kr 21 000 (-2 900 i 98) og i resten av Rogaland og Agder kr 6 200 i middel for 1999 (37 900 i 98). Ei positiv nettoinvestering vil seie at ein aukar verdien på produksjonsmidlane i løpet av året.

Nettoinntekta pr. bruk viser ein nedgang på 13,5 % på Jæren til kr 367 100, og ein nedgang på 2,8 % til kr 345 000 for resten av distriktet. Nettoinntekta omfattar driftsoverskot frå jord- og skogbruk, bierverv, løner, trygder og pensjonar, dessutan renteinntekter og verdi av eige arbeid på nyanlegg. Gjeldsrenter og kår er trekte frå. Nedgangen i nettoinntekta skriv seg hovudsakleg frå nedgang i overskotet frå jordbruket og auka renteutgifter.

Driftsgranskningane viser at *inntekter utanom den tradisjonelle jordbruksdrifta* utgjer ein stadig større del av nettoinntekta pr. bruk. Ein del av desse inntektene er anna næring med basis i ressursane på bruket. I 1999 utgjorde driftsoverskotet frå jordbruket 51 % av nettoinntekta mot 55 % i 1998.

Samla gjeld pr. bruk auka med kr 110 500 (13,6 %) pr. bruk i middel siste året. Innbetaling av gjeldsrenter auka frå 42 400 til kr 55 500 frå 1998 til 1999.

Alle dei presenterte resultatata er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor spreing i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 127 bruka i Agder og Rogaland gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket har vore i denne delen av landet.

Tabell 3.1 Samla oversikt 1999

	Tal bruk	Innmark, areal	Driftsoverskot pr. bruk		Vederlag til arb. og eigenkap. pr. årsv.	
			1998	1999	1998	1999
Rogaland/Agder, alle	127	173	208 900	181 700	153 800	137 200
Rogaland	69	177	255 600	223 400	168 600	154 000
Vest Agder	29	173	184 900	140 700	161 900	128 500
Aust Agder	29	166	118 200	123 400	111 000	109 000
Jæren, alle	45	191	283 900	249 600	176 400	159 900
Jæren, 50-99 daa	7	89	179 900	148 200	140 400	132 300
Jæren, 100-199 daa	20	147	256 000	204 300	163 200	139 900
Jæren, 200-300 daa	14	257	378 500	318 900	202 900	176 600
Jæren, mjølk	25	202	265 600	243 000	172 600	157 400
Jæren, mjølk/gris	11	161	316 300	275 400	180 500	170 900
Andre bygder, alle	82	164	169 600	144 400	142 000	124 700
Andre bygder, 50-99 daa	12	72	84 200	89 600	107 600	107 900
Andre bygder, 100-199 daa	48	146	183 500	147 400	142 900	126 400
Andre bygder, 200-300 daa	17	238	211 300	170 000	161 900	127 200
Andre bygder, mjølk	43	170	176 800	144 200	138 800	116 100
Andre bygder, mjølk/sau	7	181	262 300	247 500	171 700	169 100
Andre bygder, mjølk/gris	8	186	210 200	169 800	132 800	114 800

Tabell 3.2 Resultatmål i jordbruket 1995–1999, «Jæren»

År	Tal bruk	Vederlag til arb. og egenkap. pr. årsverk		Konsum- prisindeks
		Nominelle kr	1999- kr	
1995	45	156 900	170 400	94,2
1996	41	168 100	180 500	95,3
1997	42	165 700	173 300	97,8
1998	43	176 000	180 100	100,0
1999	45	159 900	159 900	102,3

Tabell 3.3 Resultatmål i jordbruket 1995–1999, Rogaland og Agder, «Andre bygder»

År	Tal bruk	Vederlag til arb. og egenkap. pr. årsverk		Konsum- prisindeks
		Nominelle kr	1999- kr	
1995	81	127 700	138 600	94,2
1996	83	132 100	141 800	95,3
1997	82	125 000	130 700	97,8
1998	82	142 000	145 200	100,0
1999	82	124 700	124 700	102,3

4 Tabellsamling 1995–1999

1. Fylkestat, Rogaland
2. Fylkestat, Vest Agder
3. Fylkestat, Aust Agder
4. Områdetal, Jæren, alle bruk
5. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 2 (50–100 dekar), alle driftsformer
6. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 3 (100–200 dekar), alle driftsformer
7. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 4 (200–300 dekar), alle driftsformer
8. Områdetal, Jæren, mjølk- og storfekjøttproduksjon
9. Områdetal, Jæren, mjølkeproduksjon og svinehald
10. Områdetal, Andre bygder, alle bruk
11. Områdetal, Andre bygder, storleiksgruppe 2 (50–100 dekar), alle driftsformer
12. Områdetal, Andre bygder, storleiksgruppe 3 (100–200 dekar), alle driftsformer
13. Områdetal, Andre bygder, storleiksgruppe 4 (200–300 dekar), alle driftsformer
14. Områdetal, Andre bygder, mjølk- og storfekjøttproduksjon
15. Områdetal, Andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehald
16. Områdetal, Andre bygder, mjølkeproduksjon og svinehald

Tabellsamlinga inneheld tabellar med tal frå driftsgranskingane for åra 1995–1999. Det er presentert tabellar for kvart fylke og for dei to områda, «Jæren» og «Andre bygder, Rogaland og Agder». For områda er det presentert tal for heile området, for storleiksgruppene 2 (50–100 dekar), 3 (100–200 dekar) og 4 (200–300 dekar) og for dei viktigaste driftsformene. Tabellane er nummererte fortløpande, og kvar tabell er delt inn i tre delar, a, b og c. Del a, produksjonstekniske data og oppnådde prisar, inneheld opplysningar om tal bruk som er med, arealopplysningar, opplysningar om produksjon og ytting, arbeidsforbruk og oppnådde prisar. I del b, produksjonsinntekter og kostnader pr. bruk, finn ein produksjonsinntekter frå planteproduksjon, husdyrhald og produksjons tillegg og variable og faste kostnader. Den siste delen, c, resultat og balanse, viser ulike resultatmål og ei oversikt over balansen pr. 31.12.

5 Forklaring på faguttrykka i tabellsamlinga

Arbeid: Både leigd arbeid og arbeidet til familien vert registrert etter medgått arbeidstid. Born i familien over 17 år som har arbeidd i jordbruket, vert førte som leigd hjelp i rekneskapen. Arbeidet til familien på nyanlegg vert halde utanom produksjonen i jordbruket.

Areal: Jordbruksareal i dekar. Leigd jord er med i dette, men ikkje bortleigd. Overflatedyrka beite vert teke med som redusert areal. Utmarksbeite er ikkje med.

Avskrivning: Verdinedgang på grunn av slitasje og stigande alder. Det blir brukt lineære avskrivningar. (Like stor nominell verdinedgang kvart år).

Driftsoverskot: Produksjonsinntekter minus kostnader.

Eigenkapital: Totale eigedelar minus gjeld.

Eigenkapitalprosent: Viser kor stor del av eigedelane som er finansierte med eigenkapital.

Eigedelar: Også kalla aktiva. Eigedelar i jordbruket er verdsette ut frå bokført verdi, med andre ord innkjøpspris med tillegg av nyanlegg og frådrag for avskrivningar og fråsal.

Arbeidsfortenesta til familien: Driftsoverskot minus kalkulerte renter av gjennomsnittsverdi av eigedelar i jordbruket

Kostnader: Verdien av dei varene og tenestene som er lagt ned (brukt) i produksjonen.

Lønsevne: Arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd arbeid

Nettoinntekt: Driftsoverskot for alle yrkesgreiner, løsinntekter og trygd, med tillegg av renteinntekter og verdien av familien sitt arbeid på nyanlegg, minus rente- og kårutgifter.

Nettoinvestering: Verdi knytt til kjøp av faste egedelar som traktor, maskiner og reiskap, driftsbygningar, jord og grøfter, minus avskrivningar, investeringstilskot og verdien av selde egedelar.

Produksjonsinntekter: Verdien av varer og tenester som er produserte i løpet av året.

Vederlag til arbeid og egenkapital: Driftsoverskot og kostnader til leigd hjelp, minus jordbruket sin del av renter på gjeld og kår.

Årsverk: Eit årsverk i jordbruket er sett til 1875 timar. Timane er registrerte.

Referansar

NILF, fleire årgangar, *Driftsgranskinger i jord- og skogbruk*. Regnskapsresultater, Oslo.